



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref.:201801666-33

Vår ref.: 2018000824-10/2018016181 Arkiv: N - 658 Dato: 07.11.2018

INNSPEL OM VIKTIGE NASJONALE INTERESSER I SAMBAND MED DET PÅGÅANDE ARBEIDET MED EI NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND

Det blir synt til e-post frå Erlend Bjerkestrand 01.11.18 der Sveio kommune etter å ha bede om utsett frist for innspel til nasjonal ramme for vindkraft fekk utsetjing under føresetnad av at innspelet blei sendt dykk snarast råd. Me seier oss leie for at innspelet frå Sveio kommune kjem inn etter fristen.

Innleiingsvis vil det vera naturleg å ta utgangspunkt i *Planstrategi for Sveio kommune 2016-2019* der det m.a. står:

Med det natur- og kulturlandskap som Sveio har, så har kommunen rike moglegheiter for friluftsliv. Det er i tillegg tilrettelagt for organiserte fritidsaktivitetar rundt om i kommunen. Det vert stadig bygd nye anlegg for idrett og friluftsliv med støtte frå spelemidlar, i samsvar med plan for idrett og friluftsliv. Mellom anna har sentralidrettsanlegget i Sveio sentrum stadig vorte bygd ut, i tillegg til at det er mindre idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i krinsane.

Kommunen står innfor fleire utfordringar når det gjeld å oppretthalda tilbodet for kultur, idrett og friluftsliv. Mellom anna krev søknad om spelemidlar til eit anlegg at dette inngår i vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Dersom slik plan har gått ut på dato må anlegget takast inn i ny plan for at søknad om midlar skal godkjennast.

Vidare vert det frå 2018 stilt krav om gjennomført kartlegging og verdisetting av lokale friluftsområde for å kunne søkja om statleg medverknad til sikring av friluftsområde.

Generelt sett bør ein sjå på korleis det kan leggjast til rette for eit kultur- og idrettstilbod i kommunen som kan vera med å fremja gode levekår og folkehelse. Det bør gjerast i eit overordna perspektiv for å sikre ein heilskapleg løysing.

Utfordringane for kommunen vil mellom anna liggja i å oppretthalda dei kulturfyrtårna ein allereie har i form av mellom anna Ryvarden fyr, Valenheimen og golfbanen og ein bør sjå på moglegheiter for å bruka desse enno meir for å fremja kulturtilbodet i kommunen. Det ligg ein klar potensiale for å utnytta kulturfyrtårna meir. Særskilt rundt Valestrand og Fartein Valen sin heim er det meir potensiale for å vidareutvikla konseptet rundt den kjente komponisten.

I samband med planlegginga av temaparken Vikingland vil ein kunna leggjast til rette for ein omfattande regional og nasjonal satsing på turisme og reiseliv. I planlegginga må ein difor sjå på parkområdet og dess omland i eit større perspektiv der fleire arealføremål må vurderast.

Kommunen bør ta utgangspunkt i regionale og lokale planar innan kultur- og idrettsområdet ved framtidig arealplanlegging og leggja til rette for tilbod som opnar for at alle kan delta. Ein må senka terskelen for deltaking gjennom å leggja til rette for friluftsliv i form av aktivitetsskapande byrom, parkar, grøntområde, turveggar, friluftsområde, merking og gradering av turløyper og informasjon.

Andre faktorar som ikkje kjem til å kosta kommunen noko særleg i budsjettssamanheng, men som likevel kan få store konsekvensar er nedbygginga av dei «goda» kommunen har i form av friluftsområde, strandsone og grønstruktur mv. Det er verdiar som ikkje har ein prislapp men der nedbygging vil vera irreversibelt. Omsynet til allmenne interesser og verknader for samfunn og miljø er viktige å ta med i vurderinga når ein ønskjer å leggja til rette for ny utbygging. Dette er verdiar som er med på å gjera Sveio til ein god stad å bu. Forsvinn desse verdiar vil òg mykje av Sveio sin attraksjon forsvinna.

Dei strategiske vala i planstrategien for 2016-2019 understrekar m.a. at ein må «sikra gode grøntområde og tilgang til friluftsliv» og «vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen».

Vidare seier Planprogram for kommuneplan for Sveio 2019-2031 følgjande om samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk:

I kommuneplanarbeidet skal det takast stilling til kva arealføremål som skal inn i planen, korleis desse skal visast og kor dei skal liggja. Det vil vera viktig å sikra at desse vert lokaliserte der dei er mest eigna, at dei er i samsvar med lov, nasjonale forventingar og regionale føringar og at dei ikkje kjem i konflikt med allmenne interesser for samfunn og miljø. For å sikra at ikkje allmenne interesser vert negativt påverka må ein omtala utbyggingsføremåla og gjennomføra diverse konsekvensutgreiingar.

Sveio kommune har mange gode og godt eigna areal til friluftsliv. Desse må takast vare på og kanskje vidareutviklast som friluftsområde.

I Energi- og klimaplan for Sveio kommune 2011-2016 (vidareført t.o.m. 2020) er vindkraft omtala på generelt grunnlag:

Sveio er ein av kommunane i Hordaland med potensiale for vindkraft, i høve til fylkesdelplan for vindkraft Hordaland, 2000. Fleire område i kommunen kan utifrå vindforhold vere eigna for vindkraftproduksjon, og vindkraftpotensialet i kommunen skal utgreiast. Kommentar: Både Ryvardsmarka og Hovdafjellet har vore vurdert med tanke på vindkraftutbygging; Ryvardsmarka blei stoppa gjennom politisk vedtak medan det for Hovdafjellet m.a. var observasjonar av hubro i området som stoppa det vidare arbeidet.

Frå Styret i Ryvarden kulturfor KF v/ styreleiar Rune Teikari mottok Sveio kommune følgjande innspel datert 18.10.18 (og tidlegare innspel frå 2014) – og som på oppmoding blir teke med som ein del av det samla innspelet frå Sveio kommune:

From: Rune Teikari <rutei@equinor.com <<mailto:rutei@equinor.com>>>
Sent: Thursday, October 18, 2018 10:34 PM
To: postmottak@sveio.kommune.no <<mailto:postmottak@sveio.kommune.no>>
Cc: Håvardsholm, Gunn Bente <Gunn.Bente.Havardsholm@sveio.kommune.no <<mailto:Gunn.Bente.Havardsholm@sveio.kommune.no>>>
Subject: RE: Vindturbinar på 200-250 meter skal vurderast på Sveio

Styret i Ryvarden har i dag sett på «NVEs arbeid med ein nasjonal rammeplan for utbygging av store, landbaserte vindkraftverk med vindmøller på inntil 250 meters høgde» i forhold til mulig plassering i Ryvardsmarka.

Styret viser til vår uttale i anledning samme tema av 21.02.2014.

Den negative innstillinga fra 2014 står ved lag.

I tillegg vil styret presisere at det i dag vil være ytterligere momenter som forsterker den negative innstillingen.

- 1) Det er planlagt sju hytter i DNT-regi ved Ryvarden. Denne investeringen vil bli skadelidende eller stoppet dersom dette blir realisert.
- 2) Møllene som er planlagt denne gangen er betydelig større enn tidligere med tilhørende forsterkede negative konsekvenser.

På bakgrunn av dette ber styret i Ryvarden KF om at Ryvardsmarka blir tatt ut av den vidare planleggingen.

Vi ber om at Sveio kommune enten tar vårt innspill med i Sveio kommunes høringsuttale eller videresender dette som egen høringsuttale innan fristen 20.10.18

Rune Teikari
Styreleder Ryvarden KF



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2014400001-1/2014400016

Arkiv: Dato: 21.02.2014

VINDKRAFTANLEGG I RYVARDSMARKA - HØRINGSUTTALE

Ryvarden Kulturfyr og Ryvardsmarka har i en årrekke vært Sveios fremste satsingsområde for et aktivt og attraktivt friluftsliv kombinert med førsteklasses kulturelle opplevelser. Området er betraktet som en arena som også kan gi fullverdige og uforglemmelige naturopplevelser også for bevegelseshemmede!

Regionens satsing på Ryvarden som et av våre viktigste friluftsområder, er de senere årene blitt enda tydeligere og mer konkretisert.

Dette viser også igjen i Sveios "Strategisk Næringsplan for Sveio 2014 - 2018":

Videre utvikling av Ryvarden som regionens mest besøkte turmål med fokus på kommersialisering gjennom utnytting av eksisterende bygningsmasse og kompetansen som finnes i organisasjonen.

- Økt overnatting kapasitet*
- Utvidet kapasitet og fleksibilitet innen tilbudet til kurs-, konferanse- og selskapsmarkedet.*
- Økt tilbudt av lokalhistorisk orientering og omvisning*

Med dette som bakteppe vil styret i Ryvarden Kulturfyr KF gi uttrykk for en sterk skepsis til utbygging av vindmøllepark i Ryvardsmarka. Styret ønsker ikke realisering av prosjektet.

Dersom man mot formodning skulle gå videre med planene om vindmøllepark i Ryvardsmarka, ber styret om at det utarbeides en separat konsekvensanalyse som er rettet spesielt mot Ryvarden Kulturfyr og Ryvardsmarka som friluftsområde.

Denne konsekvensutredningen må minimum inneholde følgende tema:

- Vurdering av virkninger for verdiskaping, reiseliv og turisme, av et vindkraftverk ved Ryvarden
- Vurdering av virkninger knyttet til utsikt, opplevelse og støy i utfartsområdet og Ryvarden
- Vurdering av virkninger for markedsføring av Ryvarden som reiselivsmål og turisme, med

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.:	Bankgiro:	E-post:
Postboks 40 5559 Sveio	53 74 80 00	53 74 80 01	990586314	35205842215	postmottak@sveio.kommune.no

Fakturaadresse: Postboks 54, 5559 Sveio

et vindkraftverk ved Ryvarden.

- Vurdering av virkninger for markedsføring av Nordsjøløypa som reiselivsmål og turisme, med et vindkraftverk ved Ryvarden.
- Alle eventuelle økonomiske tap skal beregnes
- Avbøtende tiltak skal vurderes og konkretiseres
- Reguleringsmessige konsekvenser for Sveio kommune
 - Fokus: Må det båndlegges nye arealer i Sveio kommune til LNF-F-formål om Ryvardsmarka mister denne statusen? Identifisering av eventuelt erstatningsareal og konsekvenser for eventuelle berørte.
- Arbeidsmiljømessige konsekvenser for ansatte ved Ryvarden Kulturfyr
- Helsemessige konsekvenser for beboere i fymesterboligen ved Ryvarden
- Grafiske fremstillinger som inneholder vindmøller i maksimal høyde modellert inn – sett fra alle relevante retninger.

Styret ved Ryvarden Kulturfyr KF



Rune Teikari

Leiar

Det *busetjingsmønsteret* ein ser i Sveio kommune med mykje spreidd busetnad rundt omkring i heile kommunen kan vera utfordrande å kombinera med ei omfattande vindkraftutbygging i deler av kommunen. Sveio kommune har vidare eit regionalt ansvar for å leggja til rette for friluftsiresser, reiseliv og opplevingar på mange område – noko som òg kan vera utfordrande i kombinasjon med ei vindkraftutbygging. Arealdelen til *Kommuneplan for Sveio 2011-2023* viser viktige naturområde som må takast omsyn til i vurderinga av ei eventuell vindkraftutbygging. I *Turkart Sveio M 1:50.000 (2014)* er turløyper, ulike friluftslivsaktivitetar og sjåverdige stader framstilt på ein oversiktleg måte.

Til slutt nemner me at Sveio kommune i samarbeid med miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland i 2006/2007 gjennomførte ei kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane i Sveio kommune. Resultatet frå denne kartlegginga er presentert i rapporten [Viltet i Sveio \(2007\)](#).

Med helsing

Bjarne Hetlesæter
leiar plan- og næring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.